



Frå ruta Uskedalsdideret(6-).

Klatreveggen i Ulvanåso, og også i Eikedalen, er svært populære. I tillegg til at det jamnleg vert arrangert klatrekurs og organiserte samlingar, vert dei flittig brukt av grupper av klatrarar både frå heile landet vårt, og frå andre land. Nyleg flytta DNT fjellsport Bergen den faste Romsdalssamlinga si hit.

Det var gråver i Romsdal, og i følgje yr.no i alle fall, var det solskin i Uskedalen. Dermed snudde dei på hælen, og flytta samlinga hit. Her fekk deltarane med seg varierte turar og klatring av variert lengde og vanskegrad. I tillegg til Ulvanåso og Eikedalen var dei også turar i Rosendalsfjella.

Tidlegare i sommar arrangerte som kjent, DNT fjellsport Bergen nybyrjarkurs i klatring her med deltakarar frå heile landet. Første helga i september arrangerer dei Basecamp Uskedalen ei stor samling for både erfarne og ferske fjellsportinteresserte med base på Rabben Feriesenter AS.



[På riss og tverrs i Eikedalen](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: DNT fjellsport Bergen.